



Hordaland Politidistrikt
Postboks 285 Sentrum
5804 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1400 - 17/12964

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
23.06.2017

Vedtak om skilt 516 gangfelt - KV 1027 Mjåtveitvegen

Administrativt vedtak. Saknr: 178/2017

Saksutgreiing:

Det er behov for betre sikring av dei mjuke trafikantane langs Mjåtveitvegen. I trafikksikringsplanen til Meland kommune 2017-2020 er opphøgd gangfelt eit av tiltaka.

Gangfeltet er viktig for å gje ein samanhengande gangtrasè på Frekhaug, og plasseringa vil vere i eit viktig krysiningspunkt mellom bustadfelt på sørsida av Mjåtveitvegen og gangvegen til Leiketun barnhage, Meland ungdomsskule, Danielsen Ungdomsskule og Frekhaug senter for øvrig.

Gangfeltet skal vere opphøgd, og vil bli plassert etter vedlagt skiltplan. Områda sør for Mjåtveitvegen er mykje utbygd dei seinare åra, og det er planlagt enda meir utbygging framover noko som vil auke gangtrafikken enda meir.

Gangfeltet har vore på høyring til Statens vegvesen og Hordaland politisdistrikt frå 29.05.17 – 20.06.17. Det er ikkje kome inn merknader.

Vedtak

«I medhald av skiltforskrifta § 28 pkt. 2 vert det vedteke å sette opp skilt 516 gangfelt i Mjåtveitvegen. Gangfeltet skal vere opphøgd og skal etablerast i tråd med vedlagt skiltplan.»

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Skiltplan

Mottakere:

Hordaland Politidistrikt	Postboks 285 Sentrum	5804	BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER